



Sletta Handel  
Hellandsvegen 521  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1152 - 15/11380

Saksbehandlar:  
Stein Ove Valdersnes  
stein.ove.valdersnes@radoy.kommune.no

Dato:  
25.09.2015

## Søknad om løyve til handel med pyroteknisk vare 2015

Utlevering og oppbevaring av fyrverkeri er forbode nærare enn 25 meter frå bensinstasjon. Kravet i tredje ledd i forskrifta gjeld 25 meter frå bensinstasjonen si yttergrense pga andre aktivitetar som kan føregå på bensinstasjonen sitt område som td verkstad, opplag av gass, brannfarleg væske etc. Det vil seie at avstandskravet ikkje gjeld frå pumpene. Kor ein bensinstasjon sluttar og startar er ikkje gjeve, men det må gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle. I nokre tilfelle er det ikkje hensiktsmessig å berre sjå på sjølve bygningsmassen eller eigedomsgrensa. Ein må sjå på kor ein kan forvente at det føregår aktivitet som normalt føregår på ein bensinstasjon, altså kva som kan sjåast på som bensinstasjonen sitt område og som kan danne utgangspunkt for avstandskravet.

Søknad om løyve til handel med pyroteknisk vare vert difor ikkje gjeve.

Med helsing

Stein Ove Valdersnes  
brannsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Sletta Handel

Hellandsvegen 521 5939

SLETTA